



Kjartan Toff
Kvamsvegen 18
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3883 - 20/16698

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
26.03.2020

Uttale frå landbruk som gjeldt påbygg på gårdshus -GBNR 141/1 Kvamme nedre

Me viser til brevet ditt datert 03.02.2020 og telefonsamtale i går.

Du ynskjer å setja opp eit lite påbygg til huset ditt for å ha maskiner og utstyr knytt til vedproduksjonen som du driv på bruket.

I følgje opplysingar frå gardskartet har eigedomen 16,8 daa fulldyrka, 13,8 daa overflatedyrka, 12,9 daa innmarksbeite og 274,3 daa produktiv skog. Total areal på eigedomen er 359 daa. Jordbruksarealet på bruket er vekklegd, men du opplyser at du prøver å halda resten av eigedomen i hevd ved mellom anna rydding av skog og vedproduksjon. Ein del av veden som vert produsert vert selgt. På telefon har du opplyst at eit gammalt uthus er nytta til traktorgarasje og i tillegg står det to gamle siloar som ikkje kan brukast til noko.

Du har planar om å senda inn ei søknad til byggesak om tilbygget på huset, og dei har rådd deg til å få ein uttale frå landbruksavdelinga kor vidt dette er kjem inn under landbruksbegrepet (LNF) i kommuneplan.

For å vurdera tiltaket inngår i landbruksbegrepet er det laga ein rettleiar som heiter *Garden som ressurs tiltaket er knytt til produksjon på garden eller det behovet garden har for varer og tjenester, eller det er nødvendig i forbindelse med annen næringsvirksomhet knyttet til jordbruk, skogbruk, reindrift m m.*

Verksemd som er basert på og tilpassa garden sitt ressursgrunnlag for eksempel bruk av før, plantar, tre m.m. Det er vidare nemnd opp ei rekke kriterier som kan vektleggast. Det planlagt tilbygget vil ikkje medføra nedbygging av dyrka mark, då det er tilbygg til våningshus. Dei eksisterande bygga på garden har ikkje plass, så det er difor trong for tilbygg. Etter det

landbruksavdelinga kjenner til vil det ikkje tilbygget ha negative konsekvensar for natur, eller kulturlandskap, naturmangfald, naboar, trafikk eller gardstunet.

Etter landbruksavdelinga si oppfatning er det planlagt påbygget knytt til vedproduksjon på bruket, innanfor landbruksbegrepet fordi det er ein naudsynt del av den drifta som er på garden og vil ikkje ha negative konsekvensar for andre interesser som LNF-føremålet skal ivareta.

Med helsing

Laila Bjørge
Rådgjevar
Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kjartan Toff

Kvamsvegen 18 5911

ALVERSUND